

Byggteam Vest AS
Rosslandsvegen 364C
5918 FREKHAUG

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/17994 - 20/73571

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
17.11.2020

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 323/412 Frekhaug

Tiltak: fasadeendring
Byggjestad: Gbnr: 323/412
Tiltakshavar: Thomas Svanevik
Ansvarleg søkjar: Byggteam Vest AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 05.11.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må sendast inn erklæring om ansvarsrett for prosjektering av tiltaka og gjennomføringsplan.
2. Avstand til næraste nabo er på under 1 meter. Det skal visast at det er teke stode til brannspreiing i prosjekteringa. Det må innhentast samtykke frå berørt nabo på vilkår at branntekniske tilhøve er ivaretatt.
3. Kommunen viser til at eit kvart tiltak skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til funksjon og omgjevnadar, jf. pbl § 29-2. Det må i den samanheng sendast inn estetisk vurdering av tiltaket i høve til seg sjølv og omgjevnadane.
4. Det er ikkje opplyst at eigedom ligg i regulert område under reguleringsplanen for Nordgarden Frekhaug.

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla innan **18.12.20**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Thomas Svanevik

Nordgardshaugen 19 B

5918

FREKHAUG

Mottakarar:

Byggteam Vest AS

Roslandsvegen 364C

5918

FREKHAUG